



Abo Plan & Arkitektur AS
Postboks 291
5203 OS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9499 - 21/75601

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
11.11.2021

Adressetildeling Løypetona 131-145- GBNR 323/509

Administrativt vedtak: Saknr: 1215/21

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningsliner til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adressetildeling:

Gnr	Bnr	Brukseining	Vegnavn	Tildelt husnr
323	509	H0101	Løypetona	131
323	509	H0201	Løypetona	133
323	509	H0101	Løypetona	135
323	509	H0201 (venstre)	Løypetona	137
323	509	H0202 (høgre)	Løypetona	137
323	509	H0101	Løypetona	139
323	509	H0101	Løypetona	141
323	509	H0201 (venstre)	Løypetona	143
323	509	H0202 (høgre)	Løypetona	143
323	509	H0101	Løypetona	145

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld

Det er godkjent bygging av stort frittliggende bustadbygg på eigedommen 323/509, som skal ha tildelt offisielle adresser. Huset er HUS (blokk) nr 3.

Vurdering

Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Løypetona.


Det er tildelt adresser fortløpende etter kva inngang eller trappeoppgang ein kjem til. I dette tilfellet er adresseringsretningen frå vest mot aust.

På kartet under viser adressene til trappeoppgangar utanfor bygget, medan dei som har direkte inngang er plassert ved aktuelle inngangsdør.

Merk: For bustadane i 2. etasje er det trappeoppgangen som vert adressert. Brukseiningane i 2. etasje får trappeoppgangen sitt husnummer og H0201 og ev H0202 som brukseiningsnummer. Her tel ein brukseiningane frå venstre mot høgre når du står vendt mot inngangssida på bygget.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling og adresse vert difor tildelt.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.

Husnummer må vere på plass før bygget vert teke i bruk.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/9499»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Abo Plan & Arkitektur AS

Postboks 291

5203 OS

Mottakarar:
Jm Norge AS

Postboks 453

1327 LYSAKER